Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 95 24 46 78
Telefon SFO: 91 82 41 02

# Vekeplan for 1. steg

# Veke 50

| | | MÅNDAG 11/12 | TYSDAG 12/12 | ONSDAG 13/12 | TORSDAG 14/12 | FREDAG 15/12 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1<br>2 | 08.50<br>10.20 | Norsk<br>Baka lussekattar med fadrane | Norsk<br>Matematikk | **Luciatog**<br>Sjå info bakpå arket. | **Adventssamling**<br>Matematikk | Pynta juletre i kyrkja |
| 3 | 10.35<br>11.30 | | Naturfag | Samfunnsfag | KRLE | Matematikk |
| 4<br>5 | 12.00<br>13.30 | | Samfunnsfag<br>Musikk | Engelsk | Kunst og handverk | Norsk<br>Den kulturelle skulesekken |

| Tema: Jul Vinter | LEKSE TIL TYSDAG: | LEKSE TIL ONSDAG: | LEKSE TIL TORSDAG: | LEKSE TIL FREDAG: |
|---|---|---|---|---|
|  | Lese leseleksa: Å å – lyden. | Levere inn lesemappa<br><br>Les leseleka Å å lyden og teikne på lesearket som ligg i lesemappa (den kvite mappa).<br><br>Hugs kvit overdel til Lucia. | Les i ei bok du har heime eller lånt på biblioteket. | Lese leseleksa |

**Info om leseopplæringa.**

Leseleksa ligg i den kvite mappa til elevane. Den har fire vanskegrader. Les og øv på det som gir mest meistring. Øv med borna dykkar gradvis mot nivå fire. Ikkje les på nivå 4 om nivå 3 gir nok utfordring. Øv heller ikkje så mange gonger på nivå 1 og 2 om borna dykkar les bra på nivå 4. Snakk positivt om lesing og om kor viktig det er. Sjølv om me veit at enkelte har mykje om ettermiddagen så oppmodar me alle om å lese kvar dag sidan me ikkje har moglegheit til det på skulen. Det blir etterkvart meir lesing i alle fag og krava til lesing aukar. Når den tekniske lesinga/avkodinga er på plass er det forståinga av det elevane les som krevst. Lesing = avkoding + forståing. Spør gjerne barnet ditt om kva han/ho har lese (spes. på nivå 4). Etterkvart kan elevane og få låne med seg lettlest bøker som er tilgjengelege i klasserommet og får då tilbod om å byte kvar dag. Hugs underskrift på lesearket, og at lesemappa skal leverast på onsdagar.

Me rekk ikkje å gå igjennom u`en før jul. Men me har snakka om den og kor viktig den er i alle juleorda. Elevane blei einige om at den vil bli med på leseleksene som kjem og som omhandlar jul 😊

Siv Anette Slinde Thorsnes
siv.anette.slinde.thorsnes@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91 11 36 38

Nora Lindblad
22norlin@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91721909

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 95 24 46 78
Telefon SFO: 91 82 41 02

| | Dette arbeider me med denne veka |
|---|---|
| Norsk | T t bokstaven |
| Matematikk | Relasjonar og addisjon med tala 1 – 6 |
| Engelsk | Christmas |
| Kroppsøving | Balleikar |
| Musikk | Julesongar |
| Samfunnsfag/naturfag | Forskjellige familiar |
| Krle | Å leve saman |
| Tema | Jul, vinter |

## Meldingar

**Luciatog:** Første klasse skal gå Luciatog på skulen onsdag 13.12. Her skal elevane ha på seg kvit overdel. Dei kvite overdelane kan de berre ta med på skulen f.o.m. i morgon. Legg overdelen i ein pose som de merkar med namnet til borna dykkar.

**Klede**
Pass på at elevane har vottar/hanskar og panneband/hue på skulen no sidan det byrjar å bli kaldt ute. Gjer gjerne avtale med barnet dykkar om kva klede de ynskjer dei skal ha på seg ute no. Særleg dei som har fleire val. Dress/utebukse/boblebukse. Me seier at dei kan ta dress/bobleklede no når me har utedagar. Sjekk at borna dykkar har det dei treng.

Avspassering, 6. vekers planleggjing:

6. oktober

24. november

12. januar

1. mars

19. april

31. mai

**Fråvær**
Det er viktig at de registrerer eventuelle time- eller heildagsfråvær på Visma. Ta kontakt med oss viss de ikkje får dette til. Kanskje me kan hjelpe. Andre meldingar, informasjon eller spørsmål kan og sendast på Visma.

**Annan informasjon**
Leikanger barneskule tek til klokka 08.50 på morgonane. Måndagar, tysdagar, torsdagar og fredagar er skuletida slutt klokka 13.30, onsdagar sluttar me 12.45.

**Kroppsøving**
Hugs å ta med gymbag med klede, sko, såpe og handkle til innegym i Saften.

**Ynskjer dykk ei fin veke!** 😊
Nora og Siv Anette

Siv Anette Slinde Thorsnes
siv.anette.slinde.thorsnes@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91 11 36 38

Nora Lindblad
22norlin@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91721909